



## MØTEREFERAT

Plan:	<b>Områdeplan Lonena</b>		
Møtestad:	Statens vegvesen, Nygårdsgaten 112	Referent:	Kaia Marie Amland
Møtedato:	19.10.2018	Referatdato:	24.10.2018
		Versjon:	3

Namn	Firma/avdeling	Tilstade	Referat til
Marianne Skulstad (MS)	Statens vegvesen (SVV)/ arealplankontakt	x	x
Tone Bøyum (TB)	Statens vegvesen(SVV)/ Plan og forvaltning	x	x
Hege Løtveit (HL)	Statens vegvesen(SVV)/ Plan og forvaltning	x	x
Rolf Fløtre Skogedal (RS)	Skyss/ operatør oppfølger	x	x
Jan-Petter Tvedt (JT)	Skyss	x	x
Liz Eva Tollefsen (LT)	Hordaland fylkeskommune (HFK)/ kontaktperson kommunal planlegging	x	x
Gunhild Raddum (GR)	Hordaland fylkeskommune(HFK)/ samferdsel	x	x
Ina Bakka Sem-Olsen (IO)	Opus Bergen (O)/ plankonsulent	x	x
Irene Nærbø Wilhelmsen (IW)	Lindås kommune(LK)/ vegavdelinga	x	x
Rune Kilen (RK)	Lindås kommune(LK)/ vegavdelinga	x	x
Frøydis Ones (FO)	Lindås kommune(LK)/ planavdelinga	x	x
Kaia Marie Amland (KA)	Lindås kommune(LK)/ planavdelinga	x	x

### Agenda:

- Plangrense i sør - Trafikkvurderinga til Helge Hopen
- Trafikktryggleik: Tiltak for mjuke trafikantar - korleis ein legg opp til trafikktryggleik inn/ ut av planområdet, til viktige målpunkt som skule, bussholdeplass etc., hovudaksa for gåande.
- Vurdering av trafikksituasjonen i planframlegg for planområdet og berørte områder. Konsekvensar for planutforminga.
- Behovet for Kollektivaksar, kollektivsløyfe opp til planområdet.





Nr	Tema	Ansvar	Frist
1	<p><b>Introduksjon av planarbeidet, prosess</b></p> <p>IO: Områdeplan Lonena er eit samarbeid mellom plankonsulent Opus Bergen på vegne av Rygir Tomteutvikling AS som er grunneigar og Lindås kommune. Planområdet ligg rundt Lonena som er avsett til bustad i KDP. Områdeplanen har planprogram, blei vedtatt i juni 2017, og ein er i gong med KU vurderingane. Ein av vurderingane som er gjort er trafikkanalysen av Helge Hopen (vedlagt i innkallinga til møtet). Denne rapporten skal utvidast med vurdering av trafiksikkerheit og anna som eventuelt kjem fram av dette møtet. Ein har etter siste styringssignal i april gått vidare med utbyggingsstruktur for maksimum 800 bueiningar. Det er to område rundt Lona våtmarksområde som er tenkt utbygd. Eit utvida medverkingsopplegg med spørjeundersøking er gjennomført. I hovudsak vil området i aust detaljerast i denne planen, medan området i vest vil ha krav om detaljplan. Typologi: Volumstudier har skissert mest rekkehus og litt leiligheter for å få differensiering. Denne typologien er valgt då det er få nabolag i Lindås med slik differensiert struktur. Arbeider no med detaljreguleringa. I hovudsak er det austområdet som vert detaljert. Har i arbeidet fanga opp motstand mot planen frå innbyggjarane. Dei er oppteken av å bevare Lona, Brekkeløypa, naturen og naturleg terreng rundt. Området har lagt inne som bustadføremål i KDP Knarvik-Alversund, sidan år 2000.</p>		
2	<p><b>Trafikk i området i dag</b></p> <p>IW og RK: I dag er det stort sett bustadkøyring i området i tillegg til «snarvegkøyring» frå E39 til FV 57. Snarvegkøyringa kjem truleg til å auke når anleggsarbeid i Knarvik sentrum startar. Trafikkbelastning: Lonsvegen er regulert med tofelt og separat løysing. Må i framtida ta meir omsyn til mjuke trafikantar i dette området – skule og barnehage. Ny barneskule står klar med innflytting i vår (skal flytte frå eksisterande bygg ved Taf vgs i sør).</p>		
3	<p><b>Kryssløysing</b></p> <p>FO: Lindås kommune ønsker ikkje å utvide plangrensa i sør. Ønsker å behandle Lonena-planen som seg sjølv og ikkje gå utover i Lonelva- Juvikstølen-planen som ligg sør for Områdeplan Lonena (Lonsvegen overlappar desse to planane). Ønsker å handtere kryssløysing med rekkefølgekrav. Det blei gjort ei endring av områdeplan Lonelva-Juvikstølen i forbindelse med ny skule. Ønsker også i denne omgong å ta Lonelva-Juvikstølen opp for vurdering med omsyn til trafikkapasitet og trafikktryggleik. Dette for å ha ei saumlaus kartdatabase.</p> <p>Kor mykje kan ein bygge innanfor Lonena utan at det slår ut eit rekkefølgekrav for utbetring av kryss?</p> <p>IO: Tiltakshavar ønsker heller rekkefølgekrav som utløysar ny plan enn å utvide denne planen. Dette er grunngeve i kompleksiteten ved å innlemme dette spørsmålet i denne planen. Det kan vere ei mindre kompleks sak å</p>	1: LK 2-3 og 5: O og LK/ Helge Hopen 4: Lk og O/Helge Hopen 5-7: LK og O	





handsame ein eigen plan som i hovudsak omhandlar vegen.

MS: Enig med Helge Hopen i at krysset ved FV57 ikkje toler meir trafikkauking av bilar. Må ha rekkefølgekrav med signalregulering frå første hus.

IW/RK: Eller eventuelt stenge krysset ved FV57?

MS: Det må i så fall gjerast ei ny vurdering av korleis trafikkbelastinga blir for begge kryssa dersom ein stenger for nedkøyring frå planområdet til krysset ved FV57.

MS: Trafikkanalysa viser at kapasiteten i krysset ved FV57 er lågare enn 800 bustadar, men det er ikkje utgreia kvar grensa går. Dette kan ev. gjerast i ei utvida trafikkanalyse der ein ser på skjæringspunktet for overbelasting i krysset. Dette må ligge til grunn for rekkefølgekrav i planarbeidet, der fv. 57 må vere avlasta før vidare utbygging.

IO: Oppsummert: Rekkefølgekrav om at før første nye bueining, må ein ha lysregulering i krysset til FV57 i tillegg til rekkefølgekrav om kor mange bueiningar lysreguleringa har kapasitet til.

MS: Lysregulering tar mykje areal, krever regulering eller endring av eksisterande reguleringsplan (Lonelva- Juvikstølen). SVV meiner det vil vere mest ryddig å utvide planområdet slik at kryssområdet og tilkomstvegen blir inkludert og sett i samanheng med utbygginga. Då vil ein ha oversikt over omfanget av rekkefølgekravet når planen blir vedtatt, og ein sikrer formelt plangrunnlag til å bygge krysset. Elles risikerer ein at Lonena-planen blir vedtatt med rekkefølgekrav som blir meir omfattande enn forutsett, eller at ein ikkje finn ein tilstrekkeleg trygg kryssløysing til planområdet. SVV si klare anbefaling er derfor å ha kryssområdet med i planområdet. Dette gjeld også krysset med E39.

Kryss ved E39: Anbefaler venstresvingefelt, slik også Helge Hopen anbefaler. Har ikkje diskutert dette med ts (trafikksikkerhet) enda.

RS: Rapporten til Helge Hopen bør kommentere korleis kollektivtrase kan påverke kapasiteten.

MS: Rapporten må i tillegg til kapasitet, vurdere trafiksikkerheit – særleg ved kryssa ved FV57 og E39.

FO: Oval rundkøyring kjem snart, slik at dette rekkefølgekravet fell vekk for alle planar.

**Oppsummert:**

1. Områdeplan for Lonelva Juvikstølen må endrast ved kryss til FV57 og E39. Endringa må bli vedtatt samstundes som Områdeplan Lonena.





	<ol style="list-style-type: none"><li>2. Utvide trafikkvurderinga med vurdering av grenseverdi for trafikkbelastning ved signalregulering i FV57 – maks antal nye bueiningar før andre tiltak blir naudsynt.</li><li>3. Trafikkvurderinga må kommentere korleis kollektivtrase kan påverke kapasiteten i kryssa.</li><li>4. Vurdering av venstre svingefelt - kor mange nye bustadar krysset toler før venstre svingefelt må på plass, må med i trafikkanalysa. Statens vegvesen skal sjå nærare på dette når trafikkanalysa er oppdatert på temaet.</li><li>5. Trafikkvurderinga må også vurdere trafiksikkerhet, særleg for kryss ved FV57 og E39.</li><li>6. Rekkefølgekrav om at før første nye bueining, må ein ha lysregulering i krysset til FV57</li><li>7. Rekkefølgekrav om kor mange bueiningar lysreguleringa har kapasitet til før andre tiltak er naudsynt.</li></ol>		
4	<p><b>Veg og transport forøvrig</b></p> <p>SVV/HFK: Vurdere å redusere lokal bilbruk? Må følgje opp i planen med gode gang/sykkelvegar. Sikre i plankart/ planskildring.</p> <p>IW: ÅDT desember 2016: 1400 i Kvernhusmyrane</p> <p>MS: Kunne vore interessant å vite kva som er rein skulekøyning.</p> <p>IW: Skal sette opp trafikkteiling under og over skulen.</p> <p>IW/RK: Alt av fortau som ligg inne i planen til Lonelva Juvikstølen er realisert. Fortau på begge sider av Juvikstølsvegen. Det er gjennomført trafikkredusert/sikkerhet tiltak i heile Lonsvegen – trapes (heva gangfelt - blått felt eller med kvite striper), i tillegg skal desse overgangane sterkare belyst. Nokre stader er fartsdumpar etablert. Krysning Lonsvegen i vest ved U. skulen – har opphøgd gangfelt.</p> <p>Opphøgd kryss ved Lonsvegen/Juvikstølen – ønsker å heve det meir.</p> <p>Fartsreducerande tiltak gjennom heil Lonsvegen og Juviksstølen.</p> <p>Dei fleste kryssa i områda er heva og med kvite striper/ kjem kvite striper.</p> <p>FO: Oval rundkøyning kjem snart, slik at dette rekkefølgekravet fell vekk for alle planar.</p> <p>MS: Det ser ut som om det meste er ivaretatt i omsyn til trafiksikkerheit. Her er kryssa ved FV 57 og E39 mest kritisk.</p> <p>MS: Ønskeleg med trafikkbegrensande tiltak i Knarvikområdet. Det er også ønskeleg med universell forbinding av gangforbindingane.</p> <p>IO: Har forsøkt å gjere o_GT1 uu. Må sjekke ut om denne er uu. Krav om at minimum ein av forbindingane mellom bustadområda og friluftsområda rundt skal vere universelt utforma.</p>	8: Lindås kommune, vegavdelinga 9-10: Lindås kommune og Opus	





	<p>MS: Byggegrensene ligg svært teitt inntil vegar og fortau. Kan vere greitt å trekke desse inn med omsyn til trafikkikkerheit, sikre sikt for innkøyring til p-hus osv. - Har sette mest på trafikkanalysa av Hopen i forkant av møtet.</p> <p>IW: Byggegrensa er framfor frisiktsona. Byggegrensa må vere så langt bak at den ikkje kjem i konflikt med frisiktsona.</p> <p>IO: Har sett på logisk tilkomst veg. F_SKV4 er største veg og matar flest.</p> <p>RK/IW/FO: Venstre svingefelt er ikkje regulert.</p> <p><b>Oppsummert:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>8. Trafikktelling over og under skulen</li> <li>9. Trafikkbegrensande tiltak i Knarvik</li> <li>10. Universell utforming av gangforbindingane</li> <li>11. Trekke inn byggegrenser langs veg slik at dei ikkje kjem i konflikt med frisikt</li> </ol>		
5	<p><b>Parkering</b></p> <p>FO: Parkeringføremål i plankart, o_SPA: For folk som bur i andre stadar i Nordhordland. Brekkeløypa er den einaste trygge turløypa om vinteren når det er mørkt. Då køyrer folk gjerne dit. Kommunen bør jobbe med å få tilsvarande turløypar også i dei andre bustadområda.</p> <p>RS: Hadde vore greitt å dimensjonere o_SPA slik at det kan vere mogleg å snu ein buss her.</p> <p>LT: Vurdere o_SPA som besøksparkering til bustadar</p> <p><b>Oppsummert:</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>12. Bør legge til rette for fleire turvegar med Brekkeløypa sine kvalitetar i Lindås/Alver</li> <li>13. Dimensjonere o_SPA slik at det kan vere mogleg å snu ein buss her.</li> <li>14. Vurdere o_SPA som besøksparkering til bustadar</li> </ol>	<p>12: LK</p> <p>13: Vurdera st av LK og O</p> <p>14: LK og O</p>	<p>12: I framtida</p> <p>13:</p>
6	<p><b>Kollektivtransport</b></p> <p>RK: Mange køyrer ungdomsskuleelevane sine til skulen.</p> <p>RS: Bussane køyrer ikkje opp til skulen. I 2016 blei det frå politisk hald foreslått busstrasé opp til Lonsvegen og ned til kaien, men dette blei avslått. Det ikkje er så langt frå Lonsvegen til Kvernhusmyrane.</p> <p>IW/RK: Det ligg busslomme regulert inn i Lonsvegen, ikkje i Juvikstølen.</p> <p>RK: Er det aktuelt med matebuss mellom Lonena og sentrum? Folk i som bur i området køyrer ned til senteret (ca. 1km).</p>	<p>15:LK, Veg-</p> <p>16: LK og O</p>	





	<p>HFK/SVV: Ønsker heller at det vert lagt til rette for gode gangvegar enn for matebuss.</p> <p>RS: 20 barn utløyser krav om skuleskyss pga kryssing av farleg skuleveg.</p> <p>IW: Krysset ved Lonsvegen blir «aldri» farleg samanlikna med andre skulevegar i Lindås kommune.</p> <p>RS: Då heile planområdet ligg innanfor 1km frå Knarvik sentrum, og ein ikkje karakteriserer vegen som utrygg skuleveg, utløyser det ikkje krav om skuleskyss.</p> <p>RS: Matebuss/ buss i seg sjølv er ikkje utenkeleg. Må avklarast om ein får lov til å køyre buss der av grunneigarane. Kollektivstrategi: samle bussane i same trase, med hyppigare avgangar, som no nede i hovudvegen, E39.</p> <p>RK: Aktuelt å køyre opp ved E39, snu ved o_SPA?</p> <p>RS: Det kan vere aktuelt.</p> <p>IW: Lindås kommune var ikkje med i vurdering for farleg skuleveg, fordi dei har fortau – nok til å vere trygg skuleveg.</p> <p><b>Oppsummert:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>15. Kan vere aktuelt med kollektivsløyfe opp til planområdet – frå E39 og snu ved o_SPA. Må avklarast om ein får lov til å køyre buss her av grunneigarane.</li> <li>16. Legge opp til gode gangvegar internt i planområdet og til sentrum og busshaldeplassar, skule, barnhage.</li> </ul>		
7	<p><b>Anna</b></p> <p>LT: Ønska utvikling, utbygging i Lonena parallelt med transformasjon i sentrum. Korleis kan typologien konkurrere med planane for sentrum? Overraska over typologi i vestområdet – som skal detaljregulerast her. Gå meir for ein teitt-lav struktur her og heller ete seg meir innpå det grøne området? Mellomsona mellom veg og bebyggelse må få gode kvalitetar utan parkering.</p> <p>IO: Kva skjer mellom vegen og bebyggelsen? Viktig å finne balansegang. Føresegn om orientering mot vegen – skal opplevast som ei gate. Ikkje snu ryggen til. Definere gateutforming for områda som i dag har kombinert føremål i plankartetet også.</p> <p>HFK: Saknar snarvegar til Lonsvegen og Juvikstølen. Dette bør tydeleggjerast og synleggjerast.</p> <p>IO: Legg opp til å framheve sykkelmoglegheit.</p>	Lindås kommune og Opus vurderer dette vidare	
8			





# LINDÅS KOMMUNE

Planavdelinga

9			
10			
11			
12			
13			

